



Særutskrift for Radøy sokneråd

Tid: 10.06.2015

Radøy sokneråd har i møte den 10.06.2015 hatt denne saka til handsaming:

2015/13 (F) Bøvågen områdeplan - uttale.

UTGREIING

Radøy kommune har starta arbeidet med å lage områdeplan for Bøvågen. Føremålet med planen er å utvikle tettstaden Bøvågen med fleire heilårsbustader og servicetilbod. Formannskapet gjorde 26.03.2015 vedtak om at planen skulle leggjast ut på ettersyn, jf plan- og bygningslova § 12-11. Merknader til planframlegget må sendast Radøy kommune innan 11.06.2015. Planen med vedlegg/kart er lagt ut på kommunen sine heimesider:

<http://www.geoweb.no/braplan/planInnsyn.jsp?kildeid=1260&planid=12602012000900>

Parkeringstilhøva ved Hordabø kyrkje er ikkje optimale. Når det er mykje folk i kyrkja, på konsertar og i ein del gravferder, er parkeringsplassen for liten. Dei som skal til kyrkja parkerer langs vegen og på P-plassen til butikken. Dette er lite tilfredstillande for alle involverte.

Vi har i samband med planprosessen kome med innspel til kommunen med ønske om å få sett av større plass til parkering. I framlegg til 1.gongs høyring og offentleg ettersyn har Radøy kommune lagt inn nytt parkeringsareal sør for kyrkja på vestsida av fylkesvegen. Det er positivt at kommunen har kome oss i møte i forhold til ønske om parkeringsareal.

Tiltenkt parkering er på matrikelnr. 1260-24/305 som er eigd av Sylvia Lund og Johan Lyng. Vi har tatt kontakt med grunneigar for å avklåre kor vidt dei ynskjer å selje arealet. Dei overtok eigedomen i august 2012 og har så langt gjort mykje arbeid med opprusting av huset. Dei har også planar for utearealet og ynskjer ikkje å selje uansett føremål. Dersom vi skal få tilgang til eigedomen må det truleg ekspropierast.

I vår kommunikasjon med kommunen har vi peika på arealet som ligg mellom fylkesvegen og Bøtjørna. Eigar er Radøy kommune. Ulempen med dette er at folk må krysse vegen når dei skal i kyrkja.

På den andre sida foregår parkeringa her no også. I tillegg er det ein del som nyttar parkeringsplassen ved butikken.

Dersom det vert opparbeida parkering på austsida av fylkesvegen, burde det vera mogeleg å organisere dette på ein god måte ved å legge til rette for kontrollert kryssing av vegen. Det vil, slik vi ser det, verta ei stor forbetring i forhold til dagens situasjon. Kyrkja vil ha bruk for denne plassen anslagsvis 20 -25 dagar i året. Det vil vera mogeleg å nytta plassen til offentlege eller eventuelt andre føremål resten av året.

Slik vi ser det er det ulemper ved begge alternativa. Ei eventuell ekspropiasjonssak er avhengig av at kommunen reiser sak og får medhald. Det er uansett ein prosess som vil ta lang tid og ha eit usikkert resultat. Det er viktig å finna løysingar som kan realiserast innan rimeleg tid og med lave kostnader.

Vi vil derfor kome med merknad til plassering av planlagt parkeringsareal og ber om at det vert lagt på offentleg grunn mellom fylkesvegen og Bøtjørna.


FRAMLEGG TIL VEDTAK

Radøy sokneråd ber om at planlagt parkeringsareal ved Hordabø kyrkje vert lagt på offentleg grunn mellom fylkesvegen og Bøtjørna.

VEDTAK

Radøy sokneråd ber om at planlagt parkeringsareal ved Hordabø kyrkje vert lagt på offentleg grunn mellom fylkesvegen og Bøtjørna.

Radøy sokneråd


Audun Sylta